



# Vang kommune

**ArkivSakID:** 21/641  
**JournalpostID:** 21/8412  
**ArkivID:** PlanID-2015003,  
PlanNavn-  
Kommunedelplan  
Tyinkryset,  
PlanType-21  
**Saksbehandlar:** Magnus Lajord

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

## Kommunedelplan Tyinkryset - sluttbehandling

### Vedlegg:

11.11.2021	1_Føresegn_2015003_sluttbehandling_2021	179831
11.11.2021	2_Plankart_2015003_KDP-Tyinkryset_A0_10112021	179781
11.11.2021	2_Plankart_2015003_KDP-Tyinkryset_A3_10112021	179782
11.11.2021	3_Plankart_2015003_Tyinkryset_utan_tekst_og_omsynsoner_A3_10112021	179783
11.11.2021	3_Plankart_2015003_Tyinkryset_utan_tekst_og_omsynsoner_KpPåskrift_A3_10112021	179784
11.11.2021	4_Plankart_2015003_utsnitt-Tyinkryset_føremålsflater_A3_10112021	179785
11.11.2021	4_Plankart_2015003_utsnitt-Tyinkryset_føremålsflater_kppåskrift_A3_10112021	179786
11.11.2021	5_Plankart_2015003_utsnitt_Tyinkryset_gjennomføringsoner_A3_10112021	179787
11.11.2021	6_Plankart_2015003_usnitt_Tyinkryset_infrastruktursone_H410_A3_10112021	179788
11.11.2021	7_Skiløyper_eksisterande_temakart	179789
11.11.2021	8_Planomtale_Tyinkryset_2015003	179790
11.11.2021	9_Konsekvensutgreiing_2015003	179791
11.11.2021	9_Konsekvensutgreiing_Fløgstrøndheisen_høyring	179792
11.11.2021	10_ROS_analyse_2015003	179793
11.11.2021	11_SVV_notat_konsekvensutgreiing	179794
11.11.2021	12_Notat_vurdering_planområdet	179795
11.11.2021	13_Masterplan_2018	179797
11.11.2021	14_KS_sak_011_19_kdpl_Tyinkryset_høyring	179798
11.11.2021	15_KS_sak_052_19_kdpl_Tyinkryset_sluttbehandling	179799
11.11.2021	16_KS_sak_004_20_lovligheitskontroll_kdpl_Tyinkryset	179800
11.11.2021	17_KS_sak_069_20_vidare_planprosess	179801
11.11.2021	18_KS_sak_003_21_vurdering_planområder	179802
11.11.2021	19_Kommunedelplan Tyinkryset 2021 - offentleg ettersyn (L)(378125)	179803
11.11.2021	20_Rammeplan_VA_Tyinkryset_2019_notat	179804
11.11.2021	21_Rammeplan_VA_100_oversikt_E09	179805
11.11.2021	22_Rammeplan_VA_visualisering_trykksoner	179806
11.11.2021	23_NVE Oppmoding om trekk av motsegn - kdpl for Tyinkryset (L)(392602)	179807

## Høyringsmerknader og motsegn

Kommunestyret vedtok fylgjande i sak KS-034/21:

*Kommunestyret støttar seg på kommunedirektøren sine vurderingar av naturmangfaldlova § 7, jf. §§ 8-12, samt vurderingane til vassforskrifta § 12. Kommunestyret fremjar saka med dei endringane som føreligg og legg Kommunedelplan for Tyinkrysset, med planID:2015003, ut til høyring og offentleg ettersyn jf. plan- og bygningslova §§ 5-2, 11-14 og 11-17.*

Kommunedelplanen vart lagt ut til høyring og offentleg ettersyn 14.07.2021 og høyringsfrist vart sett til 16.09.2021. Denne vart forlenga med tre veker grunna høyring gjennom sumarferien. Innlandet fylkeskommune fekk utsett høyringsfrist til 01.10.2021. Planen vart og sendt ut direkte til om lag 850 heimelshavarar og rørde partar innanfor planområdet via «SvarUt».

Det kom inn 12 merknader til planen og NVE fremma motsegn på fleire punkt. Desse fylgjer saka som utrykte vedlegg. Hovudtrekka i merknadane og motsegna frå NVE er refererte nedanfor, og føreslegne endringar fylgjer under kvar merknad.

Liste over merknadar:

- 19.07.21 – Marit Bolstad/Morten Stunner
- 12.08.21 – Erik Bolstad
- 03.09.21 – Statens Vegvesen
- 07.09.21 – Tyin-Filefjell Turløyper
- 07.09.21 – Hege Blom
- 14.09.21 – Tyinkrysset Hyttevel
- 15.09.21 – Statsforvalteren i Innlandet
- 15.09.21 – Noregs vassdrag- og energidirektorat
- 16.09.21 – Inga Jane Vie Karlsen og Arvid Karlsen
- 16.09.21 – Tyin Filefjell Hytteforum
- 23.09.21 – Ragnar Osnes på vegne av Endre Kjell Holien
- 27.09.21 – Innlandet fylkeskommune

### **Marit Bolstad/Morten Stunner(19.07.21)**

På vegne av fleire hytteeigarar langsmed Grøvtølvegen og Hugostøgovegen søker Marit Bolstad og Morten Stunner om etablering av ny tilkomstveg på sørsida av kongevegen og nordsida av elva Begna. Dette for å unngå å bruke, samt krysse, kongevegen både sumar og vinter. Ved etablering av slik veg vil fleire hytter få tilkomst vinterstid. Vegen skal etter planen etablerast med breidde 3,5m.



Kartutsnitt som syner ynskja tilkomstveg i svart

*Kommentar:*

I dag blir deler av kongevegen nytta som tilkomstveg til hyttene nærast Grøvstølvegen. Denne blir og brøytt vinterstid og kjem då i konflikt med langrennsløype. Etablering av tilkomstveg vil slik sett vera eit positivt tiltak og er difor føreslege lagt inn i plankartet som framtidig veg med midtlinje. Ved etablering av slik veg vil og hyttene som ligg langsmed Hugostøgovegen få ny tilkomst. Kommunedirektøren minnar elles om søknadsplikt for dette tiltaket jf. pbl. § 20-1, og krav til utforming av slik veg som er sett i føresegn 4.1.1 i kommunedelplanen.

**Erik Bolstad(12.08.21)**

Erik Bolstad er eigar av gnr/bnr 1/15 og 1/232 og fremmar fylgjande merknader til planen saman med Knut Bolstad som er eigar av gnr/bnr 1/13. Eigedommane ligg vest for Nystuen og nedanfor reguleringsplan R16 Nystuen.

1. Arealføremål


Motsett seg endring av arealføremål for gnr/bnr 1/15 frå fritid til LNFR slik det no er føreslege lagt inn i planen. Etterlyser ei grundigare vurdering og grunngjeving for slik endring. Kjem til å klage på arealføremålet dersom utfallet blir LNFR. Fekk delt frå eigedom 1/232 frå det større arealet 1/15 i sak 045/20, 16.06.2020. Det resterande arealet av 1/15 er på vel 15 dekar og det står no ingen hytte på eigdommen, men har ynskje om at barn eller barnebarn kan få bygge ei hytte eller to på sikt. Dei meiner arealet på 1/15 ikkje er i bruk av beitedyr og at heller ikkje er mykje fritidsaktivitet over eigdommen. Eigdommen 1/15 ligg tett til anna hytteområde(R16 Nystuen) og meiner den bør vera regulert til fritid.

Vidare i merknaden er det ei lenger utgreiing knytt til delingsak 045/20 der dei ikkje seier seg samde i tomtegrense for 1/232, men går ikkje nærare inn på denne her då det ikkje er relevant med tanke på arealføremålet i kommunedelplanen.

*Kommentar:*

Gnr/bnr 1/15 er ein større eigedom som heile vegen har hatt LNFR-føremål. Som ein ser av kartutsnittet frå kdpl frå 2005 nedanfor til venstre, så ser ein eit svakt omriss av 1/15, så ser ein

vidare 1/10 som er oppmålt, og hytta på 1/15 som ligg inne med rund sirkel. Rund sirkel betyr at eigedommen ikkje er oppmålt og at hytta har fått ein tilpassa standard storleik på arealføremålet fritid. 17 dekar store hyttetomter var det ingen som hadde korkje i 2005 eller no i 2021. Nedanfor til høgre ser ein kommunedelplanen frå 2019 der heile 1/15 fekk arealføremål fritid. Dette var altså før delingssak 045/20 og oppretting av 1/232 i matrikkelen.



Attende til vedtak av kdpl i 2019 var det ingen vurdering av arealet. Dette då når ein jobba med kartet friska opp alle «flater» med ulike arealføremål. Fleire hyttetomter innanfor heile planområdet låg som spreidde tomter i LNFR område, og det som hadde vore korrekt for hytta som låg på 1/15 vore å vidareføre eit høveleg stort arealføremål(fritid), om lag slik som frå 2005. Dersom 1/232 hadde vore delt i frå før arbeidet med kommunedelplanen i 2019, så ville 1/232 fått arealføremål fritid, medan 1/15 hadde fått LNFR slik det no er føreslege retta til.

Dersom ein i kommunedelplan hadde vurdert eit så stort areal som framtidig utbyggingsområde for hytter, så skulle området vore konseskvensutgreidd i overordna plan, og det ville vore krav om detaljregulering med eige omsynssone for plankrav. Det er til orientering heller ikkje kapasitet til meir vatn til området frå Nystuen og vestover, utover dei hyttene og tomtene som ligg i godkjente reguleringsplanar.

Det vart presisert i delingssak 045/20 at arealføremål fritid var i konflikt med kulturminnet som ligg aust på eigedommen og at det resterande arealet skulle vurderast på nytt i kommunedelplanen. Ein kan forstå at det er ynskjeleg å behalde arealet på 1/15 som fritid grunna moglegheitene eit slikt arealføremål vil gje, men det var aldri intensjonen i planprosessen med denne kommunedelplanen at arealføremålet skulle endrast.

Det er ikkje klageadgang på vedtak av kommunedelplanar jf. pbl. § 11-15 tredje ledd. Eigar av 1/232 står likevel fritt til å fremme ny søknad om endring av eigedomsgrenser for 1/232, deling av eigedom 1/15 eller liknande, så vil slik søknad bli realitetsbehandla i eigen sak.

Arealet på 1/15 blir føreslege endra til LNFR.

## 2. Feil i kart – ikkje eksisterande bekk og feil flaumsone

Meiner det er feil i plankartet då dette syner ein bekk med tilhøyrande omsynssone som renn over 1/15.

*Kommentar:*

Det er korrekt at dette ikkje er ein bekk, men den ligg ikkje inne i plankartet men i grunnkartet. Grunnkartet vil etter kvart bli oppdatert og bekk med tilhøyrande omsynssone bli fjerna.

3. Feil i kart og bruk av flaumsonar

Meiner det er feil bruk av aktsemdskartet til NVE i Valdreskart, og at dette blir unøyaktig med tanke på byggesaksbehandling.

*Kommentar:*

NVE har no utarbeidd nye aktsemdskart for flaum, og desse er no innarbeidd i kommunedelplanen med omsynssone H320\_1.

4. Merknad til delingsforbod for fritidseigedommar

Meiner det er lite føremålstenleg å ha eit generelt delingsforbod uavhengig av storleik på eigdommen. Har forståing for at små tomter ikkje kan delast ytterligare, men forstå ikkje kvifor ikkje større tomter kan delast. meiner det må vera reguleringsplanane og arealføremålet for området som avgjer kva ein kan få løyve til, og ikkje generelle delingsforbod. Foreslår endring i føreseigna som opnar opp for at tomter under 3 daa ikkje kan delast opp ytterligare.

*Kommentar:*

For å få ei føreseieleg hytteutvikling av eit område og planlegge t.d. kapasitet på vatn og avløp, så er det naudsynt at det er klare føresegn for deling, slik at ein ikkje får vesentleg fleire einingar enn det ein opphavelig hadde planlagt. Føreseigna i kommunedelplanen er gjeldande for alle eksisterande hytter og eigedommar utanfor detaljregulert område, og skal vera retningsgivande for nye reguleringsplanar. Det å opne opp for å dele ein eigedom på t.d. 20 dekar til 10 nye hyttetomter er ikkje forsvarleg arealforvaltning og planlegging.

**Statens Vegvesen(03.09.21)**

Statens Vegvesen(SVV) presiserer si rolle i planlegginga der dei skal syte for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar, blir ivareteke.

Kommundelplanen vart godkjent av SVV i 2019, og høyringa no gjeld seinare endringar. SVV presiserer at det er byggegrensa på 25 meter frå midtline på E16. For eventuelle tiltak som ligg innanfor byggegrensa er det krav om detaljregulering. Dette gjeld m.a. alpinanlegget ved Andstor, Fløgstrøndheisen og parkeringsplassar.

*Kommentar:*

Kommunedirektøren tek merknaden til etterretning.

**Tyin-Filefjell Turløyper(TFT)(07.09.21)**

1. TFT er fornøyd med at langrensløyper har fått auka fokus i kommunedelplan for Tyinkryset, og meiner skiløyper og gode stigar og sykkeltrasear er ein føresetnad for å lukkast med å utvikle Tyinkryset til ein stor heilårs reiselivsdestinasjon. TFT har ynskje om ein del tillegg til føresegn 5.7(markert med grønt):

### 5.7. Langrennsløyper, stigar og sykkelløyper

Ved detaljregulering skal ein sikre eksisterande langrennsløyper og stigar.

*Det eksisterende løypenettet slik det er i dag er for dårlig. Det bør settes av areal slik at man kan lage tidsriktige skiløyper, og det krever blant annet større bredde. Minimum 8 meter for enveis tidligløyper, enveis kombinerte løyper for klassisk og skøyting, samt sentrale turløyper med trafikk i begge retninger. Det er i tillegg for mange veikryssinger.*

*Større stigar som råkast av utbygging skal takast vare på. Alternativt skal ein sikre omlegging eller at ferdsløypa løysast på ein god måte.*

*Ein skal så langt det lar seg gjera innarbeide og etablere nye langrennsløyper som kan knyttast til eksisterande løypenett. Eit viktig siktemål vil vera at ein relativt enkelt kan koma til langrennsløype frå alle areal avsett til utbyggingsføremål. Det (kan) skal knyttast rekkefyljekrav til sikra opparbeiding av langrennsløypene og planfrie kryssingar.*

*(Dette rekkefølgekravet må legges inn i rekkefølgebestemmelsene punkt 8.)*

*Der eksisterande skiløyper følger hytteveger, må nye løyper være ferdig opparbeidet før vegene tas i bruk som helårsveger. Planfrie kryssingar skiløyper/hytteveier: Fremtidige skiløyper skal ikke krysse vegar i plan, d.v.s at det ikke skal være nødvendig å ta av seg skiene for å krysse vegar.*

*Dersom tilhøva legg til rette for det skal ein vurdere å etablere eigne sykkelstigar og sykkeltrasear innanfor detaljreguleringa.*

*I områder i og nær sentrum, og på hovedårene (f eks mellom sentrum og Børrenøsheisen skal det tilrettelegges med separate traseer for gående og syklende, og gående og skiløyper for å unngå skader og konflikter.*

TFT meiner og at langrenn må leggest inn i førsegn 4.1.9 «Idrettsanlegg alpin», så blir det presisert ein mangel i temakartet for skiløyper der løype over Begna og under E16 aust for Jokerbutikken manglar.

*Kommentar:*

Kommunedirektøren er samd i at det er viktig med meir fokus på langrenn, stigar og sykkelløyper. Førsegn 5.7 er etter merknaden frå TFT føreslege slik(ending markert med grønt):

*Ved detaljregulering skal ein sikre eksisterande langrennsløyper og stigar. Større stigar som råkast av utbygging skal takast vare på. Alternativt skal ein sikre omlegging eller at ferdsløypa løysast på ein god måte.*

*Ein skal så langt det lar seg gjera innarbeide og etablere nye langrennsløyper som kan knyttast til eksisterande løypenett. Eit viktig siktemål vil vera at ein relativt enkelt kan koma til langrennsløype frå alle areal avsett til utbyggingsføremål. Det skal knyttast rekkefyljekrav for å sikre opparbeiding av langrennsløypene og planfrie kryssingar **der dette er naudsynt.***



*Eksisterande langrennsløyper har for mange vegkryssingar i plan, og i nye detaljreguleringar og gjennom utbyggingsavtaler må ein forsøke å redusere desse til eit minimum. Når eksisterande langrennsløyper skal utbetrast og nye langrennsløyper etablerast må det settast av tilstrekkeleg breidde på høvesvis 5 – 8 meter.*


*Innanfor planområdet må ein forsøke å etablere ei tidlegløype for langrenn. Denne må tilfredstille standardar som er sett for slik løype.*

*Dersom tilhøva legg til rette for det skal ein vurdere å etablere eigne sykkelstigar og sykkeltrasear innanfor detaljreguleringa.*

Vedrørande tillegg under førsegn 4.1.9, så er dette særskilt utforma med tanke på kryssing av E16 med Andstorheisen, og det vil ikkje vera føremålstenleg å ta med noko om langrenn under dette føresegnet. Feil i temakartet og strekninga over Begna og under E16 aust for Jokerbutikken er no retta og lagt inn i kartet.

## 2. Tidlegløype

Kan ikkje sjå at det ligg inne tidlegløype i planen. Er samd i at det gamle forslaget til tidlegløype ikkje vart støtta av TFT, men ber om at forslaget til tidlegløype på nordsida av E16 blir lagt inn i kommunedelplanen jf. kartutsnittet nedanfor. TFT meiner det er lite framsynt og ikkje sette av areal til tidlegløype/rulleskiløype, då ei slik løype vil kunne tiltrekke seg aktive løparar som skal trene tidleg og seint i sesongen, samt sumartid. Forslag til område for tidlegløype på om lag 5km som synt nedanfor er ideelt med tanke på stigningstilhøve.



*Kommentar:*

Kommunedirektøren har stor forståing for ynskje om ei tidlegløype innanfor planområdet, og at det ideelle området kan vera nord for E16. Ei slik tidlegløype med relativt store inngrep måtte i tilfelle konsekvensutgreiast og det ville vorte krav om detaljregulering. Dette er slik ein kan løyse, men ynskja plassering er i konflikt med potensiell framtidig utvikling av området og kommunedirektøren meiner det er uheldig med inngrep i eit slik område utan at ein planlegg området i si heilskap. Samstundes er det eit stort etterslep på dei eksisterande langrensløypene og ein bør i fyrste omgang sikre ei standardheving av desse før ein legg relativt store investeringar i ei tidlegløype. Det kan framleis vera mogleg å få etablert ei tidlegløype innanfor planområdet, men ein bør søkje ei anna plassering av denne, og fortrinnsvis i samband med ei detaljregulering. Kommunedirektøren tek elles merknaden til orientering.

**Hege Blom(07.09.21)**

Har hytte i Andstorfeltet og har fleire merknader og innspel til planen. Er generelt positiv til meir fokus på langrenn og turmoglegheiter, samt at det skal utarbeidast ein sti- og løypeplan for området. Det er viktig at areal til langrenn og turstigar blir sikra og ikkje prioritert ned til fordel for bilvegar og alpinnedfartar. Der det går skiløype på t.d. kongevegen, Finndalsvegen og Tørisvegen må det ikkje bli tillate med brøyting. Etablering av vinterbrøyta veg må skje ved bygging av nye vegar. Det må etablerast planfrie kryssingar der dette er naudsynt.

Etablering av tilkomstveg til Steinhaug må leggest ein annan stad enn ved bruk av Finndalsvegen, då denne er bratt, smal og ueigna som vinterveg. Ein bør ikkje bygge over tregrensa for å sikre attraktive og ubygde høgjellsområder, og kan heller ikkje sjå at det vil vera behov for hytteområder så høgt opp. Leiligheitsbygg bør plasserast lenger ned. Ved all ny utbygging må det settast strenge miljøkrav om opprydding etter byggeaktivitet. Mellom anna ligg det framleis skrot på toppen av Tørrisheisen etter etablering av denne.

*Kommentar:*

Kommunedelplanen tek høgde for dei fleste merknadane og innspel ovanfor. Langrenn og turstigar har fått auka fokus, og i samband med masterplanarbeidet er det skissert ein tilkomstveg til Steinhaug-området som i all hovudsak går utanom bruk av Finndalsvegen. I planen ligg det inne område for utbygging opp til om lag 1100 moh., men det er fyrst ved detaljregulering av området at ein vil sjå endeleg utnytting. Kommunedirektøren tek merknaden til orientering.

**Tyinkrysset Hyttevel(14.09.21)**

Registrerer at det kommunen ynskjer ei ny regulering og fortetting av Andstorfeltet, og at heilårsveg til Steinhaug-området skal gå gjennom Andstor. Presiserer at det i eksisterande plan frå 2004 allereie ligg inne ei omfattande fortetting av området som førebels ikkje er utbygd. Det er heller ikkje ført fram naudsynt infrastruktur til desse tomtene. Nokre av desse tomtene kjem i konflikt med planlagt Andstorheis.

Dersom ein skal i gang med ei revidering av området må det etablerast trasé for heilårsveg til Andstorfeltet og Steinhaug. Denne traseen må ta omsyn til eksisterande langrensløyper og alpinnedfartar. Både veg-, løype- og alpintrasear må vera på plass før ein kan plassere nye tomter/hytter. Dette blir ein komplisert prosess og Tyinkrysset Hyttevel ynskjer å delta aktivt i



framtidig planlegging då ny veg totalt vil forandre feltet frå ei «bilfri sone», til eit område der ein heile tida må krysse brøytekantar og passe seg for bilar.

Det er i ein framtidig planprosess ikkje nok berre å vera høyringsinstans, og Tyinkrysset Hyttevel har fylgjande krav til Vang kommune i samband med planarbeid for Andstorfeltet:

- *«Vang kommune må holde oss (Tyinkrysset Hyttevel) informert om fremdriften / resultatet av de forhandlinger som foregår med en ekstern Investor/ utbygger*
- *Vang Kommune må sørge for at denne investoren / utbyggeren er kjent med Jordskiftedommen (SAK 0510-2005-0003 FOR VALDRES JORDSKIFTERETT) og de føringer denne legger på videre utbygging / utvikling av Andstorfeltet*
- *Vang Kommune må ta hensyn til dommen / avtalen fra Jordskifteretten, og regulere nye veier til å gå i ytterkant / utenom Andstorfeltet, ref. vedtekter for vegane §3, nest siste kapittel*
- *Vang kommune må presisere ovenfor nevnte investor/ utbygger at kostnader forbundet med veier og annen infrastruktur som måtte være nødvendig i forbindelse med en fortetting av Andstorfeltet og utbygging av Steinhaug, skal dekkes av de nye hyttene, ikke av eksisterende hytter / tomter. Dette er også beskrevet i dommen i avtalen fra Jordskifteretten., ref. avtalens pkt. 7, 3. avsnitt, og vedtekter for vegane, §11pkt. 2. Se vedlagte del IV av «Rettsbok fra Jordskifteretten» for referansene til Avtale og Vedtekter*
- *Vang kommune må gjennomføre risikovurdering iht kryssende «trafikk»; bilvei, nedfart og skiløyper - inngår i dag ikke i ROS analysen*
- *Vang kommune må gjennomføre regulering av skiløyper (inkludert i reguleringsplaner) - dette for å sikre traséer i forhold til annen aktivitet (veier, nedfarter, utbygging, snøbroyting, m.v.)*
- *Vang kommune må, der regulering berører eksisterende veier og bebyggelse, sikre tilkomst og parkering i Andstorfeltet»*

#### *Kommentar:*

Kommunedirektøren har forståing for merknaden og innspela til kommunedelplanen. I masterplanprosessen er det skissert ein ny veg til Steinhaug som går delvis på Finndalsvegen. Når det kjem til medverknad så kan kommunen berre oppmode framtidig forslagsstiller om å ha tett dialog med Tyinkrysset Hyttevel, så skal kommunen forsøke så langt det let seg gjera å ta omsyn til innspel frå rørde partar. Jordskiftedommane er av privatrettsleg karakter og legg som utgangspunkt ikkje føringar for vidare detaljplanlegging av eit område. Kommunen vil likevel informere framtidig forslagsstiller om kva jordskifte som er gjennomført i området. Kommunedirektøren tek elles merknadane til orientering.

#### **Statsforvalteren i Innlandet(15.09.21)**

Statsforvaltaren er kjend med masterplanen og har ved fleire høve stilt spørsmål om det er grunnlag for ei så omfattande satsing på Tyinkrysset. Gjennom planprosessen har difor Statsforvaltaren gjeve uttrykk for at det er positiv at kommunen har take eit strategisk val om utvikling av sentrale delar av Tyinkrysset, då dette kan bidra til å sikre ei meir strukturert planlegging og utvikling av området, framfor ein fragmentert og usamanhengjande utbygging spreidd over eit større område.

Statsforvaltaren vurderer det til at føreslege arealdisponering ikkje kjem i konflikt med nasjonale eller vesentlig regionale interesser, men presiserer at lokale verdiar blir tekne i vare på ein god måte i framtidig detaljplanlegging.

Statsforvaltaren tek elles dei omfattande utgreiingane knytt til prosess i etterkant av vedtak av planen til etterretning, og har fylgjande merknader til nye område i planen.

- Steinhaug – det er Statsforvaltaren si oppfatning at tomtereseve for fritidsbustader i vedteken plan er høg, og stiller spørsmål ved om det er realistisk å ta høgde for ytterligare areal utover det som allereie er vedteke. Topografien er slik at utbygging høgt i dalsida ikkje får vesentlige negative konsekvensar utanfor planområdet, men ber kommunen vera særskilt merksame på dei lokale landskapsverknadane slik utbygging kan skape. Statsforvaltaren vil tilrå at kommunen ikkje opnar opp for fritidsbustader på området øvst i Steinhaug.
- Fløgstrøndheisen – det har kome fram eit behov for å legge til rette for eit betre skitilbod i området ved Andstor/Steinhaug. Fløgstrøndheisen ligg inne i masterplanen, men var ikkje inne i vedteken plan. I forslaget er det lagt inn trase for heis og parkeringsareal mot E16 som og kan nyttast opp mot Kongevegen. Statsforvalteren vil ikkje motsette seg at området blir lagt inn i kommunedelplanen, men minnar om viktige fagtema som må utgreiast og takast omsyn til ved detaljregulering.
- Statsforvaltaren har elles fylgjande kommentar til samfunnstryggleik og beredskap:

*«Planområdet sin topografi fører til utfordringar med omsyn til samfunnsstyggjeleik og beredskap. Det er utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse for planen. Denne er systematisk og grundig, og risikoreduserande tiltak er omtala. Faresoner med føresegner er innarbeidd i plankartet. Analysen konkluderer blant anna med at ingen av dei analyserte hendingane fører til at det er naturleg å forkaste planforslaget, men at risikoreduserande tiltak må vidareførast inn i føresegner og plankart. Det er teke omsyn til verknader av forventa endringar i klima.*

*Når det gjeld handsaming av overvatn, flaum og skred er krav til omstende som må avklarast i reguleringsplanar innarbeidd i planføresegnene. Vi legg til grunn at faglege vurderingar som gjeld flaum, skred og overvatn vert ivareteke i Norges vassdrags- og energidirektorats merknad til planen.*

*På bakgrunn av ovannemnte synast samfunnssikkerheit å ha blitt teke omsyn til i kommunedelplanen»*

Statsforvaltaren har ikkje ytterligare merknader til planforslaget, utanom at det må stillast krav om detaljregulering med risiko- og sårbarheitsanalyse for nye utbyggingsområder. Avslutningsvis blir det presisert at utbygging og utvikling av området vil føre til auka ferdsel utanfor planområdet, og at ein må involvere mellom anna reindriftsinteressene slik at ein får kartlagt og take omsyn til potensielle konfliktområde.

#### *Kommentar:*

Kommunedirektøren vurderer det til at utbygging øvst i Steinhaug ikkje vil påverke landskapsverdiane i så stor grad at ein ikkje skal legge til rette for utvikling, men at kommunen må stille klare krav til utforming og bruk av topografien på beste måte i planlegging. Det vil elles bli stilt

krav om ROS-analyse frå alle framtidige detaljreguleringar innanfor planområdet.  
Kommunedirektøren tek merknaden til etterretning.

### **Noregs vassdrag- og energidirektorat(NVE)(15.09.21)**

NVE meiner kommunen har gjort ein god jobb med mange av dei ulike interessene som er aktuelle i Tyinkryssområdet. Områda rundt Tyinkrysset er dekt av ein god del aktsemdområder for skred og flaum, samt at dei ligg innanfor 100 meters grensa for eit verna vassdrag der rikspolitiske retningslinjer gjeld.

Delar av området er utsett for snøskred, jord- og flaumskred og steinsprang. Dei fleste aktsemdområda ligg slik til at dei er uaktuelle for utbygging. Samstundes påverkar aktsemdområda nokre av dei nye utbyggingsområde. NGI vart difor engasjert til å gjere ei nærare vurdering av faren for ras i området. Rasrapporten låg ikkje ved planen ved høyring, noko NVE meiner den klart burde vore.

Med omsyn til fare for store flaumhendigar, ser kommunen den som liten, grunna områdets plassering høgt i vasstrengen. Det er utarbeidd eigen ROS-analyse og konsekvensutgreiing for kommunedelplanen. Verknaden dette har for dei aktuelle utviklingsområda er drøfta under kvart arealformål i kapittel 9.2 i planomtala.

Det er registrert både truga artar og artar av særleg stor forvaltningsinteresse i planområdet. Begnavassdraget renn gjennom planområdet, og er på denne strekninga verna mot ytterlegare regulering. Vernet er også knytt til bevaring av verneverdiane for andre typar inngrep.

NVE har elles fylgjande merknader og motsegn til planen:

#### **1. NVE fremmer motsegn til ein har vurdert verneverdiane i vassdraget og sett av ei tilstrekkeleg brei kantsone langs dei større vassdraga innanfor planområdet(jf. Vrl. § 35)**

NVE meiner føresegn 2 og kulepunktet om kantvegetasjon er bra, men at breidda på 2 meter ikkje er tilfredsstillande breidde for dei større vassdraga med tanke på å oppnå ynskja effekt og sikre funksjonen til kantvegetasjonen. Det er i planen lagt til rette for utbygging/detaljregulering heilt inntil Begna, utan at verneverdiane er vurdert i planomtala.

#### *Kommentar:*

I plankartet er utbyggingsareala som låg heilt inntil dei større vassdraga endra til LNFR og tek no omsyn til kantvegetasjon. Det er føreslege nytt avsnitt som presiserer breidde på kantvegetasjon på 20 meter for dei tre store vassdraga innanfor planområdet - Tenla, Bjørdøla og Begna. Generell breidde på kantvegetasjon til vassdrag med årssikker vassføring er føreslege auka til 4 meter. For dei tre store vassdraga er det og lagt inn ei eige omsynssone H570\_8 for kantvegetasjon med tilhøyrande føresegn under kapittel 7.3.

Gjeldande kulepunkt under føresegn 2:

*Kantvegetasjon: Langs vassdrag med årssikker vassføring, skal det sikrast og oppretthaldast ei kantsone med breidde 2 meter på kvar side av vassdraget målt horisontalt rekna frå kanten ved normalvassføring, jf. vannressursloven § 11 fyrste ledd. I denne sona skal ein oppretthalde eit naturleg vegetasjonsbelte med levestad for plantar og dyr, som òg motverkar*

*avrenning. Ein kan skjøtte kantsona dersom ein tek omsyn òg sett att tre og buskar av forskjellig art og høgde. Snauhogst av kantsona kan berre skje etter godkjenning av Statsforvalteren.*

Forslag til endring av kulepunkt under føresegn 2 (endringane er merka med grønt):

*Kantvegetasjon: Kantvegetasjon har stor betydning for økosystemet langs vassdraga, og det er viktig å oppretthalde eit naturleg vegetasjonsbelte med levestad for plantar og dyr. Kantvegetasjon er viktig for å motverke avrenning og fungerer godt som erosjonsvern. Den er og av stor betydning som landskapselement og kan vera viktig for friluftsliv. Ein kan skjøtte kantsona dersom ein tek omsyn òg sett att tre og buskar av forskjellig art og høgde. Snauhogst av kantsona kan berre skje etter godkjenning frå Statsforvalteren.*

*Langs vassdrag med årssikker vassføring skal det sikrast og oppretthaldast ei kantsone med breidde 4 meter på kvar side av vassdraget målt horisontalt rekna frå kanten ved normalvassføring, jf. vannressursloven § 11 fyrste ledd.*

*For dei tre store vassdraga Tenla, Bjørdøla og Begna (Otrøelva) skal det oppretthaldast ei kantsone med breidde 20 meter på kvar side av vassdraget målt horisontalt rekna frå kanten ved normalvassføring, jf. vannressursloven § 11 fyrste ledd.*

Forslag til nytt avsnitt under kapittel 7.3 (pbl. § 11-8 c)) som relaterer seg til omsynssone H570\_8:

*Innanfor omsynssone H570\_8 for vassdraga Begna, Bjørdøla og Tenla skal kantvegetasjon bevarast. Det er ikkje tillate med tiltak som kan øydelegge eller reduserer den økologiske funksjonen til kantsona.*

**2. NVE fremmer motsegn til planen fram til ein har vurdert behovet for fordrøying, samt vurdert og dokumentert flaum- og vassvegar med tanke på behov og kapasitet (jf. pbl. § 28-1, vrl §§ 5. 7 og 8)**

I føresegn 4.1. (føresegn for arealføremål) er det krav om at nedbør og smeltevatn (overvatn) skal handterast lokalt. Føresegn 5.3 presiserer kva som skal avklarast i reguleringsplan med tanke på overvatn. NVE meiner føresegna er mangelfulle og at kartlegging og dimensjonering ikkje kan utsettast til detaljplan slik kommunedelplanen no er utforma. Krav knytt til handtering og dimensjonering må handterast i overordna plan for å sikre ei heilskapleg og god handtering av overvatn.

*Kommentar:*

Då det er usikkert korleis dei ulike områda som er avsett til utbygging vil bli disponert ved detaljregulering, så er det tilsvarande usikkert kor mykje overvatn utbygginga vil gje og vidare ta stilling til kor mykje vatn vassdraga kan ta imot og handtere. Når ein ser på dei ulike områda med krav om felles planlegging (jf. føresegn 3.2), så ligg fleire område slik til at dei kan sjåast på og vurderast isolert sett med tanke på overvatn. Dei vil med andre ord ikkje påverka framtidige område *nedanfor* si avgrensing, eller bli påverka av utbygging *ovanfor*. For planområda H810\_4 (Andstor), H810\_5 (Bøastølen) og H810\_6 (Steinhaus) stiller situasjonen seg derimot annleis. Som ein kan sjå av kartutsnittet *nedanfor* ligg desse tre planområda meir eller mindre *ovanfor* kvarandre. For å sikre ei heilskapleg og god handtering av overvatn for desse planområda, så er forslaget å redusere områda frå tre område til eitt felles planområde. Kartutsnittet *nedanfor* til høggre syner omtrentleg avgrensing

og det området ein då vil utarbeide ein eigen plan for overvatn på. Planområdet vil få namnet H810\_4 (Andstor/Bøastølen/Steinhaug) og føresegn 3.1. vil bli justert.

Det å sjå dette området under eitt og i heilskap vil og vera positivt i samband med andre moment ein skal ta omsyn til i vidare detaljplanlegging, slik som tilkomstveg, skinedfart, langrennsløyper, stigar, planfrie kryssingar, vatn og avløp, høgdebasseng, m.v.



Vidare blir det føreslege fylgjande endringar og tillegg i føresegn 5.3(endring markert med grønt):

*Ved ny busetnad og/eller større ombygging/rehabilitering (fortetting eller nye område) gjeld fylgjande, jf. byggtknisk forskrift:*

- *Overvatn skal som utgangspunkt handterast lokalt, dvs. på eigen grunn ved infiltrasjon, fordrøyning eller på annan måte*
- *Ved utarbeiding av nye detaljreguleringar skal det utarbeidast eigen plan for overvatn som skal fylgje planprosessen. Det må settast av tilstrekkeleg areal for handtering av overvatn gjennom infiltrasjon, fordrøyning og trygg overføring av overvatn til nærliggjande vassdrag. Tilrådingar frå Norges vassdrags – og energidirektorat og tretrinnsstrategien skal leggjast til grunn*
- *Moment som skal avklarast i planen for overvatn(lista er ikkje uttømmande):*
  - *Kor mykje overvatn(nedbør og smeltevatn) vil utbygging generere, og kor mykje overvatn må ein dimensjonere for*
  - *Kva kapasitet har nærliggjande vassdrag og område for infiltrasjon/fordrøyning*
  - *Korleis vil ulike tiltak påverke nærliggjande vassdrag og eksisterande infiltrasjon/fordrøyning*
  - *Korleis sikre flaumvegar gjennom heile utbyggingsområdet*



- Dersom auka mengder med overvatn skal leiast til resipient i vassdraga må ein dokumentere at desse kan ta imot auka vassmengder utan at dette gjev auka risiko for flaum- og erosjon for tredje part. Dersom det ikkje er mogleg å leie vatnet til resipient utan at det gjev auka risiko for flaum- og erosjon, må det stillast krav om lokal fordrøyning utan auka utslepp til resipienten, *eventuelt vil området ikkje eigne seg til utbygging*
- Ved fortetting, nye utbyggingsområde, gater/vegar, eller endringar av eksisterande tilhøve skal handtering av overvatn gjevast ekstra merksemd. Bruk av gater/vegar/parkeringsplassar /grøntanlegg/overflatebasseng til fordrøyning på overflate skal utgreiast. Det skal vurderast vassvegar på overflata slik at vatnet i ekstreme situasjonar kan leiast vidare utan at skade oppstår
- Overvatn skal ikkje førast inn på kommunalt avløpsanlegg

Det blir og føreslege fylgjande presisering i føresegn 6:

*Innanfor kommunedelplanen på Tyinkrysset er det krav om tilkopling til kommunalt vatn- og avløpsanlegg.*

*Detaljplanar for vatn- og avløpsanlegg(VA-plan) skal leggjast fram til særskilt godkjenning i kommunen, og godkjent VA-plan skal fylgje reguleringsplan ved vedtak.*

*Det skal utarbeidast eigen plan for overvatn(nedbør og smeltevatn) for å sikre ei heilskapleg handtering av dette i nye utbyggingsområde, jf. føresegn 5.3.*

*Kommunen sin VA-norm skal leggjast til grunn for prosjektering og bygging av VA-anlegget.*

### **3. Manglar i føresegn 4.5.3 – Verna vassdrag**

NVE peikar på at føresegn 4.5.3 manglar referanse til «Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag», då vernet ikkje berre er knytt til vasskraft men og gjeld vassdragsverdiane.

*Kommentar:*

Det blir føreslege fylgjande tillegg i føresegn 4.5.3(tillegg merka med raudt):

*Jf. «Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag» har Begnavassdraget frå Otrøvatnet til Strøndafjorden med sideelver varig vern mot vidare kraftutbygging i medhald av verneplan I og II, og elles mot utbygging og inngrep som kan skade eller redusere verneverdiane i vassdraget. Dette gjeld der anna ikkje er bestemt i godkjend reguleringsplan.*

### **4. NVE fremmer motsegn til føresegn 5.2 og formulering knytt til avstandskrav**

NVE presiserer at avstandskrav knytt til erosjon i byggtknisk forskrift er eit dokumentasjonskrav, og at formulering i føresegn 5.2. fyrste kulepunkt blir endra frå *bør* til *skal*.

*Kommentar:*

Det blir føreslege fylgjande endring i føresegn 5.2. fyrste kulepunkt(endring/tillegg merka med grønt):

*Minimum 20 meter på kvar side av bekker og elver er potensielle fareområde for flaum og skal som hovudregel ikkje nyttast til utbyggingsføremål. Byggverk skal plasserast eller sikrast slik at det ikkje oppstår skade ved erosjon, og på strekningar med lausmasseskråningar høgare enn 20 meter ~~bør~~ skal breidda minst vera lik høgda, jf. byggtknisk forskrift*

## 5. Presisering av føresegn 5.2. knytt til kartlagde fareområde

For skred er det laga to ulike omsynssoner basert på kartlagt fareområde(NGI) og aktsemdssone frå NVE. Innanfor kartlagt fareområde er det ikkje naudsynt med vidare utgreiing, men det bør vera byggeforbod. Bygging kan berre gjennomførast dersom sikring er fagleg godt nok utgreia og sikring sett opp. Føresegn 5.2. må sjåast i samanheng med 7.1.2. NVE meiner vidare at skredrapporten frå NGI skulle vore med på høyring, og at dette er ein klar fagleg mangel.

*Kommentar:*

Det blir føreslege fylgjande endring og tillegg av føresegn 5.2.(markert med grønt):

### 5.2. Flaum og skred

#### 5.2.1 Flaum - aktsemdsområde

- NVEs aktsemdskart for *elv- og vassførekomst flaum* er lagt til grunn for omsynssone H320\_1 i plankartet. Innanfor denne omsynssona er flaumfare ikkje avklara og skal ikkje nyttast til utbyggingsføremål før reelle flaumfare er kartlagt
- Det gjevast ikkje løyve til bygging i omsynssone H320\_1 langs vassdrag før krav til sikker grunn for bygging, jf. pbl. 28-1, er dokumentert og *tryggleiksklasse avklara*
- Minimum 20 meter på kvar side av bekker og elver er potensielle fareområde for flaum og skal som hovudregel ikkje nyttast til utbyggingsføremål. *Byggverk skal plasserast eller sikrast slik at det ikkje oppstår skade ved erosjon, og på strekningar med lausmasseskråningar høgare enn 20 meter skal breidda minst vera lik høgda, jf. byggtknisk forskrift*
- Naudsynte tryggleikstiltak mot flaum *skal* inngå i reguleringsplan der dette er aktuelt
- Naudsynte tryggleikstiltak mot flaum skal vera ferdigstilt før utbygging av området settast i gang.

#### 5.2.2 Skred – kartlagt skredområde

- All verksemd i skredutsette område skal ta omsyn til risiko for skred/ras. Syner til tematisk plankart med reelle faresoner for ras- og skredfare, jf. pbl. § 11-8, 3. ledd bokstav a
- Faresone H310\_1 i plankartet syner kartlagde skredområder (NGI rapport 20110966-00-2-R) med sikkerheitsklasse lågare enn S2
- Faresone H310\_2 i plankartet syner kartlagde skredområder (NGI rapport 20110966-00-2-R) med sikkerheitskasse lågare enn S3
- Innanfor kartlagt område er det forbod mot etablering av tiltak. Tiltak kan berre etablerast dersom sikring er fagleg *godt nok* utgreia og innanfor aktuell tryggleiksklasse jf. byggtknisk forskrift

- *Krav til tryggleik i byggeteknisk forskrift skal vera dokumentert og etablert ivaretake før bygging kan starte*
- *Naudsynte tryggleikstiltak mot skred og flaumskred skal inngå i reguleringsplan der dette er aktuelt*
- *Naudsynte tryggleikstiltak mot skred og flaumskred skal vera ferdigstilt før utbygging av området settast i gang.*

#### *5.2.2 Skred - aktsemdsområde*

- *Faresone H310\_3 syner NVEs aktsemdssone for skred og krav til sikker byggegrunn er ikkje dokumentert, jf. pbl § 28-1. Innanfor denne omsynssone er skredfare ikkje avklara og skal ikkje nyttast til utbyggingsføremål før reelle skredfare er kartlagd*
- *Det gjevast ikkje løyve til bygging i omsynssone H310\_3 før krav til sikker grunn jf. pbl. 28-1 er dokumentert og tryggleiksklasse avklara*

### **6. NVE fremmer motsegn til føresegna inntil det tydelig går fram at uttak ikkje kan overskride dagens konsesjon, og at auka uttak må avklarast etter vassressurslova §§ 43 a) og 45**

NVE meiner at føresegna ikkje gjev tilstrekkelege opplysningar om vassforsyninga og korleis denne skal løysast. Dei minner om at fylgjande må avklarast jf. vassressurslova :  
 «Grunnvannsuttak over 100m<sup>3</sup>/døgn skal meldes til NVE og ha nødvendige lovavklaringer etter vannressursloven før uttak endre eller igangsettes. Bærekraftvurderingar etter vannressursloven gjelder også for uttak under 100m<sup>3</sup>/døgn og utføres av tiltakshaver. Uttak over dagens tillatelse er konsesjonspliktige. Gyldig konsesjon må foreligge før økt uttak i forhold til dagens tillatelse til vannuttak».

#### *Kommentar:*

Det er utarbeidd ein rammeplan for vatn og avløp for planområdet, og det er etablert eit nytt kommunalt vassverk på Tyinkryset som fekk konsesjon til grunnvassuttak av to borebrønnar og uttak på 20 l/s den 17.06.2019(ref. 201834239-13). Det er elles krav om tilkopling til kommunalt vatn- og avløpsanlegg. Fylgjande avsnitt blir føreslege som tillegg i føresegn 6:

*Uttak av grunnvatn skal ikkje overskride gjeldande konsesjon. Dersom det blir naudsynt med høgare uttak av vatn enn det gjeldande konsesjon gjev høve til, så skal det søkjast ny konsesjon jf. vassressurslova kapittel 8.*

### **7. NVE fremmer motsegn til planen inntil det er presisert krav til dimensjonering av vassdragskryssingar**

NVE presiserer at det ikkje føreligg konkrete krav til dimensjonering av vassdragskryssingar(vegar, skiløyper, stigar, etc. i planen. Krava til dimensjonering må vera slik at tryggleikskrava i byggeteknisk forskrift er ivareteke(F2 tiltak – 200 års flaum + klimapåslag).

#### *Kommentar:*

Det blir føreslege innarbeidd eit eige kulepunkt under kapittel 2(Fellesføresegn for heile planområdet):

*For alle vassdragskryssingar knytt til t.d. tilkomstvegar, skibruar for langrenn og/eller skinedfart, stigar/sykkelløyper, mv., skal kryssing dimensjonerast slik at tryggleikskrava er ivareteke. Tiltak skal dimensjonerast for F2 – 200 års flaum + klimpåslog*

*Avsluttande kommentar:*

Kommunedirektøren har gjort fleire endringar og tilpassingar i planen og oppmoda NVE i brev datert 01.11.21 om å trekke motsegna med bakgrunn av det som går fram av vurderingane ovanfor. NVE svarte i brev datert 08.11.21 at dersom planen blir vedteken med føreslegne endringar vil dei trekke motsegnet. Brevet ligg vedlagt saka.

Skredrapporten som NGI utarbeidde for området (rapport 20110966-00-2-R) er vurdert og take omsyn til i planen. Det er kartlagt sørpeskred, snøskred og steinsprang. Kartlagde skredområde er markert med H310\_1 (sikkerheitsklasse lågare enn S2) og H310\_2 (sikkerheitsklasse lågare enn S3). Dersom det er ynskje om tiltak innanfor planområdet som ikkje er kartlagt og som ligg innanfor aktsemdssone for naturfare er det krav om detaljert utgreiing.

Flaum er ikkje kartlagt innanfor planområdet, og NVEs aktsemdskart for flaum er difor lagt til grunn for omsynssone H320\_1 i plankartet. NVE har oppdatert datasett for aktsemdssone for flaum sidan kommunedelplanen var ute på høyring fyrste gong, og omsynssone H320\_1 er no justert i samsvar med nytt datasett.

**Inga Jane Vie Karlsen og Arvid Karlsen(16.09.21)**

Syner til brev sendt kommunen 31.03.21 vedr. bruk av Kongevegen rett aust for Grøvtølvegen. Som eigar av hytte i området observerer dei mykje biltrafikk på Kongevegen, særskilt dei fyrste 70 meterane frå Grøvtølvegen, og stiller spørsmål om dette er berekraftig forvaltning av dette kulturminnet. Presiserer at strekninga har fått hard medfart og at det no ser meir ut som ein bilveg enn Kongeveg. Ber om at kommunen sett opp klar skilting med forbod om innkøyring, evt. fysisk sperring. Vinterstid er kvaliteten på skiløypa som blir køyrt på Kongevegen sterkt forringa grunna brøyting. Meiner det må på plass skilting for å trygge tilhøva for gåande og skiløparar.

*Kommentar:*

Kommunen er godt kjent med bruk av Kongevegen som tilkomstveg på denne strekninga, og ser at dette er uheldig både sumarstid og vinterstid. Særskilt vinterstid med brøyting då ein med det får djupare tele og potensielt meir øydelegging av vegen. Det har vore synfaring med Innlandet fylkeskommune og deira klare tilråding er å redusere biltrafikken og ikkje brøyte. For dei hyttene som no har nytta Kongevegen som tilkomstveg er det føreslege ein ny vegtrasé på nedsida av hyttene, slik at dei får tilkomst utan bruk av Kongevegen. Det er og lagt inn i føresegna at Kongevegen med slik omsynsone ikkje skal brøytast. Ein må likevel akseptere brøyting av strekninga ein vinter til, då ny tilkomstveg fyrst kan etablerast til våren/sumaren 2022. Vedr. skilting er dette noko kommunen vil fylgje opp internt i kommunen og med Tyin-Filefjell Turløyper.

**Tyin Filefjell Hytteforum(TFH)(16.09.21)**

Er positive til at TFH er gjeve anledning til å koma med innspel til kommunedelplanen, og vurderer denne til å vera eit godt utgangspunkt for vidare utvikling av området. TFH har fylgjande merknader til planen:

- Tap av naturmangfald grunna utbygging og inngrep er ei stor utfordring, og i Valdres er det drøftingar rundt etablering av fjellgrense. Meiner det vil vera føremålstenleg at Vang kommune tek stilling til kva ein vil legge i dette omgrepet, og om det kan vera aktuelt og ikkje bygge over tregrensa
- Det bør takast høgde for etablering av ein miljøstasjon i området for handtering av avfall(m.a. grå- og svartvatn) for både dei som har hytte i området og tilreisande elles
- Enkelte kommunar stiller strenge krav til lysforureining og sett t.d. avgrensing på ei utelampe pr. fritidsbustad. Kdpl bør si noko om utebelysning og kva ambisjonsnivå ein skal legge seg på
- Det er registert etablering/planting av vegetasjon som ikkje naturleg høyrer heime i område, m.a. gran, furu, rogn og lerk. Er positiv til at dette er adressert i kommunedelplanen under føresegn 4.1., men det krev oppfylgning slik at slike framandartar ikkje spreier seg
- Utvikling av området inneber anleggsarbeid over tid, noko som kan påverke området sine kvalitetar for rekreasjon. Det er adressert i kdpl, men bør spissast ytterligare. Slik situasjonen er ved innkøyring til Børrenøsheisen med permanent anleggsarbeid er svært uheldig
- Er positive til at ski-, tur- og sykkelstigar er adressert i planen og at det og kan knyttast rekkefylgjekrav til dette. Tilrettelegging av skiløyper må planleggast godt for å unngå kryssing av veg og bratte stigningar/nedfartar og enkelt tilkomst til parkering
- Under føresegn 4.1.1 er det presisert reglar knytt til inngjerding, og vil tilrå at ein opnar opp for alternativ ser til løysing i Sør-Aurdal der ein kan gjerde inn eit større område dersom ein har avtale med grunneigar

*Kommentar:*

Kva Vang kommune tenkjer om ei fjellgrense må ein ta stilling til i utarbeiding av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel som ein skal i gang med i 2023/2024. Det er i dette arbeidet vurderingane rundt ei geografisk avgrensing høyrer heime. Etablering av ein miljøstasjon er eit godt innspel kommunen tek med seg vidare i utviklinga av Tyinkrysset. Vedr. utebelysning skal dette vurderast særskilt i den enkelte plan, så er det sett inn eit tilleggspunkt under føresegn 4.1.1 som presiserer at utebelysning og samla lysforureining bør avgrensast til eit minimum. Når det gjeld anleggsarbeid er det lagt inn eit nytt punkt som adresserer støv, støy, forsøpling og forureining under føresegn 4.1.

Kommunedelplanen opnar opp for at inntil 100m<sup>2</sup> av tomta kan gjerast inn. Meir inngjerding kan i fleire hytteområder gje ein privatiserande effekt, samstundes som *fotavtrykket* og den visuelle påverknaden den enkelte hytte vil få på landskapsbiletet blir større. Kommunedirektøren meiner føresegna som ligg i planen som opnar opp for inntil 100m<sup>2</sup> er tilstrekkeleg, så er det lagt inn forslag om ei retningsline under føresegn 4.1.1 om at framtidige hytter i utbyggingsområde over tregrensa som utgangspunkt ikkje bør få løyve til inngjerding.


**Ragnar Osnes/Endre Kjell Holien(23.09.21)**

Ragnar Osnes sender innspel til kommunedelplanen på vegne av grunneigar Endre Kjell Holien. Innspelet går på utnytting av arealet ved Høgesyn på gnr/bnr 2/16. I gjeldande plan er deler av eigedommen regulert til fritid, medan noko er regulert til næring. Grunneigar ynskjer å endre arealføremål til kombinert føremål for å sikre eige bruk, eventuelt sal og moglegheiter for utleige.

Høgesyn vart sett opp som støl i 1943 og var i utleige fram til 1956. Dagens eigar overtok eigedommen i 1980, bygde om hytta og sette opp eit anneks slik at ein samla kunne huse om lag 25 personar. Eit dansk *skulereisebyrå* nytta Høgesyn fram til om lag år 2000. I ettertid har hytta periodevis vorte utleigd til utbyggarar i området. Dagens hytte må rivast, og det er ynskje om å sette



opp garasje og eit hyttetun med om lag 5 hytter med mønehøgde på inntil 7,5m og gesimshøgde på 4,5m.



#### *Kommentar:*


Kommunedirektøren har vurdert arealføremål og utnytting av eigedommen, og om arealet skulle få eit eige bestemmelsesområde med eigne føresegn for utnytting. Grunneigar på 2/16 ynskjer etablering av inntil 5 hytter pluss garasje på sin eigedom med relativt stor mønehøgde sett i samanheng med beliggenheit og topogafi. Til orientering ligg det ei hytte til på arealet med gnr/bnr 2/14(annan eigar) som er regulert til fritid. Då området ligg innanfor kartlagt rasområde med sikkerheitsklasse S2, samstundes som det ikkje er kommunalt vatn og avløp til området og at Høgnesyn opphavelag var eit stølsområde, så kan ikkje kommunedirektøren tilrå ei så stor utnytting av arealet som grunneigar ynskjer. Med gnr/bnr 2/14 innanfor same område som opnar opp for inntil 3 bygg jf. føresegn 4.1.1, kan ein, dersom ein legg grunneigar sitt ynskje til grunn, legge til rette for inntil 9 bygg. Kommunedirektøren konkluderer difor med at det blir sett av eit føremålstenleg areal til fritid(lik det stripla området i kartutsnittet over til venstre), og at det blir føresegn 4.1.1 som blir gjeldande for dei to eigedommane 2/14 og 2/16.

#### **Innlandet fylkeskommune(IFK)(27.09.21)**

IFK minnar om at det er fleire vassførekomstar innanfor planområdet, og at heile området ligg innanfor nedslagsfeltet for verna vassdrag i medhald av verneplan I og II. I 2016 vart det vedteke regionale vassforvaltningsplaner for perioda 2016-2021 jf. vassforskrifta som fastsett miljømål for alt vatn. IFK meiner det er positivt at kdpl har føresegn knytt til sikring av kantsonar langs vassdrag, sikring av miljøkvalitetar langs vassdrag og forbod mot og vilkår for tiltak i vassdrag. Dei meiner likevel breidda på kantsona er for liten og bør aukast til 6 meter for å sikre ein tilstrekkeleg økologisk funksjon jf. vassressurslova § 11. IFK peikar på feil under føresegn 4.5.3 der det står at ein kan oppheve vernet gjennom godkjent reguleringsplan.

For å sikre omsynet til vatn og vassmiljø i den kommunale planlegginga er det viktig av regional vassforvaltningsplan blir implementert i kommunens planer, og IFK saknar at planen syner korleis vedtekte miljømål er vurdert opp mot panlagt arealbruk. Vurderinga knytt til om framtidige tiltak vil påverke fastsette miljømål jf. vassforskrifta §§ 4 og 5 vil vera avgjerande for om § 12 kjem i bruk.

Kulturarveininga syner til tidligare motsegn(2019) knytt til tursti over automatisk freda kulturminne ved Grihamarstølen og at dette skulle fjernast ved sluttbehandling av planen i 2019, men registrerer at dette framleis ligg inne i plankartet. Dei presiserer at denne turstien må fjernast.



Kulturarveininga er elles særers nøgd med at det er innarbeidd egne omsynssoner for Kongevegen. For å sikre Kongevegen ytterligere ber dei om at det for omsynssone H570\_6 blir lagt til eit tillegg om køyring med tunge køyretøy.

#### Kommentar:

For å sikre miljøtilstand i vassdrag er det innarbeidd fylgjande tekst under føresegn 4.5.1:

*Alle planforslag og tiltak etter pbl § 1-6 som rører ved overflatevatn eller grunnvatn skal vurderast etter fastsette miljømål i gjeldande regional plan for vassforvaltning og vassforskrifta §§ 4-7. Planforslag og tiltak som kan medføre at miljømåla ikkje nåast eller at tilstanden forringast skal vurderast etter § 12 i vannforskriften.*

Jf. motsegn frå NVE og justeringar i samband med denne er det lagt inn ei omsynssone på 20 meter på dei tre store vassdraga Tenla, Begna og Bjørdøla. Samstundes er generell breidde på kantvegetasjonen auka til 4 meter.

I tillegg er føresegn 4.5.3 endra til fylgjande:

*Jf. «Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag» har Begnavassdraget frå Otrøvatnet til Strøndafjorden med sideelver varig vern mot vidare kraftutbygging i medhald av verneplan I og II, og elles mot utbygging og inngrep som kan skade eller redusere verneverdiane i vassdraget.*



Vedrørende turstigen over automatisk freda kulturminne vart denne fjerna ved vedtak av planen 05.09.2019, men grunna ei feilkoding i kartet låg den framleis inne. Dette er no retta opp og turstigen er take ut av kartet. Omsynssone H570\_06 har fått fylgjande tillegg(markert med grønt):


*Særskilt for omsynssone H570\_06, vern av kulturminne - Kongevegen  
Den Bergenske Kongevei skal ivaretakast med dagens lineføring, kurvatur, breidde og dekke.  
Det må ikkje gravast i vegen, **køyrast med tunge køyretøy på vegen, eller brøyte vegen utan at det er avklart med kulturminnestyresmaktene. Arbeid nær kongevegen skal utføres på ein skånsam måte med minst mogleg inngrep. Endringar i vernesona skal godkjennast av Vang kommune og Innlandet fylkeskommune.***

Kommunedirektøren tek elles merknadane frå IFK til orientering.


### **Endringar i plankart og førsegn**

I tillegg til endringane som kjem fram under høyringsmerknadane ovanfor, er det gjort enkelte tilpassingar i plankart og presiseringar i førsegn. I førsegna er endringane som låg ute til høyring markert med raudt, medan endringar etter høyring er markert med grønt.

I plankartet er det gjort justeringar på fleire hyttetomtar og eigedommar som har gjennomført oppmålingsforretning og der ein har større avvik mellom oppmålt grense og arealføremål. Eit døme nedanfor frå gnr/bnr 2/51 før justering.



Det er lagt inn eit større område til høgdebassenget ved Grøvtølen(kote 905) for å ha meir fleksibilitet ved utnytting av området. Nytt plankart og utvida arealføremål nedanfor til høgde.



I føresegna er det gjort nokre strukturelle endringar i oppsett, så er det lagt inn fylgjande tillegg:

- Føresegn 4.1.1  
Lagt til fleire kulepunkt som har til hensikt å presisere og forenkle søknadar om tiltak
- Føresegn 4.1.3  
Området FT4(fritid- og turistføremål) er stort sett utbygd, men ved søknad om større tiltak er det lagt inn presisering om situasjonsplan for å syne samla utnytting av arealet
- Føresegn 4.2.1  
Lagt til presisering knytt til parkering P3(Fløgstrøndheisen)
- Føresegn 4.2.2  
Lagt til presisering knytt til utforming av eventuelle bygg ved høgdebasseng ved Grøvtølen
- Føresegn 6  
Lagt til ei kort orientering om vassløysing i området og at eksisterande hytter og godkjent frådelt tomter kan koble seg til eksisterande vassløysing før høgdebasseng ved Grøvtølen er sett i drift
- Føresegn 8.1.1  
Lagt til ei presisering knytt til etablering av høgdebasseng på høgdekote 970 og eventuell mellombels bruk av trykkaukar i høgdekote 940 og 1000